

Johs B. Thue

Nærøyfjorden

Kart over Nærøyfjorden



Innhald

| | |
|--|----|
| Ved fjorden..... | 4 |
| Verdsarv «Nærøyfjorden» | 6 |
| Inn frå havet | 10 |
| <i>Sognefjorden Vintertur Frønningen og kunstnaren Knut Rumohr Aurlandsfjorden Midtfjords Beitelen Høgfjellsgarden Stigen Nærøyfjorden Mein-is Bakka Ferjerute Gudvangen Stalheim og starten på reiselivet Korleis er fjorden blitt til? Klima</i> | |
| Naturen og menneska..... | 40 |
| <i>Livet langs fjorden «Potetsogningar» Bleiklindi Linerla Den kongelege postvegen Vegvedlikehald Dampskipet «Lærdal» – Sognefjordens perle Dei kvite berga</i> | |
| Mytologi og kultur..... | 56 |
| <i>Njords fjord, Guds vang og Frøys vik Nærøyfjorden – Njords fjord Gudvangen – Guds vang Fresvik – Frøys vik Kristen namnesetjing Dei underjordiske og spelemannen Lisbet-Per Sognebunaden Diktaren Per Sivle Folkemål og dialektar Lokale smaksopplevingar Den kraftfulle geitosten Smalahove Røykt laks Aurlandsskoen</i> | |
| Voluspå | 82 |
| Fakta..... | 84 |



Nærøyfjorden skjær seg inn i landet forbi spisse nes og bratte lier.

I dag har Nærøyfjorden blitt noko mykje meir enn ein reise-etappe mellom vest og aust. Etter eit vedtak i UNESCO, i den fjerne sørafrikanske byen Durban, blei Nærøyfjorden i 2005 innskriven i den prestisjetunge Verdsarvlista som inkluderer det mest spesielle og verneverdige som verda vår eig, både av natur og kulturminne. Også landskapa rundt fjorden er med slik at området strekkjer seg over 709 kvadratkilometer i kommunane Aurland, Voss, Vik og Lærdal. Vi merkar oss grunngevinga for at Nærøyfjorden blei innskriven på denne prestisjetunge lista, saman med Geirangerfjorden i Møre og Romsdal:

«Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgd over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggene. Talrike, frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. under-sjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar frå eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»

Verdsarv-vedtaket var resultatet av ein lang prosess. 15 internasjonale ekspertar på ulike fagområde gav sine vurderingar. Vedtaket gjer at natur- og miljøverdiar i norske fjordlandskap blir gjort synlege og sikra. Det som står fast, er altså dette: Nærøyfjorden er mellom dei villaste og mest storslagne fjordane i verda.

På verdsarvlista står i dag 788 objekt og geografiske område. Av desse er 154 naturområde. Det vestnorske fjordlandskapet er komme i svært selebert selskap med mellom anna pyramidane i Egypt, Viktoriafalla i det sørlege Afrika, Den kinesiske mur og Grand Canyon. Frå før har Norge fem stader på Verdsarvlista: Bryggen i Bergen, Urnes stavkyrkje, Bergstaden Røros, Helleristingene i Alta og Vegaøyan. Vestnorsk fjordlandskap er det første området som oppfyller alle dei naturfaglege kriteria.

Nærøyfjorden og landskapet kring som utgjer Verdsarvområdet, er også prega av kulturelt mangfald. Ved Nærøyfjorden, som har fått namn frå den norrøne guden Njord, møter vi ein næringskultur som plasserer seg innafor det indresognske med omsyn til produksjonsmåtar og reiskapskultur. Fjordarmen har saman med Gudvangen og Stalheim vore eit mål for turistar frå slutten av 1800-talet. Alle dei nasjonalromantiske kunstnarane reiste her på første halvdel av 1800-talet, også fordi det låg i leia mellom vest og aust. Folk var då som no overvelda av det dramatiske landskapet. At denne naturen også er vakker, høyrer til i eit natursyn som gjer seg gjeldande i vår tid. Derfor legg nærmare 300 000 menneske frå heile verda reiseruta si om Nærøyfjorden kvart år.



Turistar frå heile verda kjem for å sjå og oppleve Nærøyfjorden.



Fronningen med Åsen og Bleia i bakgrunnen.

det særst fritt, skar bort alt som var unødvendig. Det måleriske uttrykket betydde mest. Eit bilete i olje frå Knut Rumohrs hand i 1941 heiter «Høyfjell». Biletet har gjenklang både av Nyborg og fjella bak.

«Høstsol» har Knut Rumohr kalla eitt av bileta sine, laga i 1995. Gult eller raudoransje ligg under det mørke, «sumtid skrappt fram som risper eller gneistar. Eit sug av blått djupar ut det mørke. Sola lyser gul i bakgrunnen», skriv kunstprofessor Halvdan Ljøsne om dette fantastiske arbeidet.



Det staselege hovudhuset på godset i Fronningen.



Aurlandsfjorden

Ved Simleneset opnar Aurlandsfjorden seg og skyt inn i landet før han kløyver seg ved Beitelen og lagar eit fjordbasseng. Vi ser på sjøkart, landskap og lende. Der oppe jagar eit ørnepar inn fjorden. Skarven vaglar seg på jernstakane som markerer undervass-skjer, skapt av steinskreder frå porøst fjell. Menneske har sett spor etter seg overalt. Dei hadde bruk for namn på stader for å vera presise når dei skulle leita etter sau og geit, eller når dei skulle festa ein ile for å markera kvar kvitingen stod, fjordens kylling.

Her finn vi Kobbeneset, som fekk namnet sitt etter kobben, som no tømmer fjorden for fisk. Også oteren prenta namnet sitt på ein stad. Her er Bjørnehiet, Dyrastod, Geitaneset, Lindeskreda og Timbreskreda. Alt fortel om dyr, tre og menneske. Menneske, tre og dyr. Men også om tru: Den skumlaste staden langs heile fjorden inn kalla dei Trollagelet. Slik såg trolla ut, utan eitt einaste vakkert drag, berre uhygge, laust fjell og roten tanngard. Midt i gjelet renn det vatn som er blitt is. Ikkje noko isslott akkurat, men eit lite helvete av det bratte og det glatte. Trolla treivst her inne, i den gamle forestillingsverda som vi finn att i mytiske segner.

Frå bassenget ved Beitelen ser vi tettstaden Aurland som har ei ærerik historie frå vår norske mellomalder. Aurland

Ferja «Skagastøl» bryt stilla på Aurlandsfjorden.




Beitelen

Fjellet Beitelen er inngangsportalen både til Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.

Ved Beitelen skil Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden lag og stikk kvar sin veg. Vi er midt inne i ei veldig fjellmark som er nedkløyvd av dei to fjordane, med ville og trange sidedalar opp frå den grønne strandsona. Lengst inne i Aurlandsfjorden ligg Flåm. Gudvangen markerer slutten på Nærøyfjorden. Begge stadene er landskjende. Over begge fjordane ligg altså dei milelange høgfjellsviddene, som gav grunnlag for jakt og veiding, Norges eldste næringsveg. Der oppe var også fjell-beita og stølane som for Indre Sogn har vore ei gullgruve.

Fjellet Beitelen stikk opp frå blåe fjorden og er inngangsportalen til Nærøyfjorden. Ein beitel på gamalnorsk kan omsetjast til ein meisel i nyare språkdrakt. Det er eit kileforma handverktøy for å forma emne av tre, stein og mineral. Under arbeid blir meiselen halden skråstilt mot arbeidstykket eller emnet og blir driven av taktfaste hammerslag. Beitelen ser ut som ein meisel, litt skråstilt og klar til å forma lende og landskap. Stadnamnet Beitelen høyrer truleg også heime i verda til mytane om korleis lende og landskap blei forma av overmenneskelege krefter. Med ein slikt framifrå hogg- og formingsreiskap i hendene til risar og troll, kunne heile Nærøyfjorden og dalen frametter bli ein smal kile, ein trong fjord og eit trongt dalføre.

Frå fjellgarden Stigen, utsikt mot Aurlandsfjorden.



Fjellgarden Stigen

Rett innafor det berghøge neset Beitelen ligg garden Stigen. Folk i nyare tid har alltid undra seg over at nokon kunne bu på ein slik stad. Det var så bratt å koma opp der at ein ofte måtte ta stigen til hjelp for å forsera sleipe svaberg. Det danna seg anekdotar om at desse stigane blei sette opp for å hindra at skattefuten kom til gards. Dette er ei god historie utan historisk realitet. Stigenfolka betalte sine skattar som andre. Men garden var bebueleg fordi utmarka og fjellet gav for til buskap, som igjen produserte smør som var bonden sitt gull.



Tunet på Stigen.

Nærøyfjorden

Nærøyfjorden strekker seg 18 kilometer mot sørvest og er mellom 300 meter og ein kilometer brei. Når vi observerer Nærøyfjorden frå båt eller skip, må vi ha i mente at gardane ved fjorden er folketomme store delar av året. På austsida av fjorden, rett utafor Styvi, ligg Solaløysa. Her skin det aldri sol same kvar ho står på himmelen. Alltid stenger eit fjell. Men den fuktige jorda og varmen frå fjord og fjellsider gjer at staden likevel ligg grøn og frodig.

Vi tel seks fonnlaup eller skredfar på nokre hundre meter. Det kunne aldri vera snakk om å byggja linjer for elektrisitet og telefon her. Skredene hadde sopt stolpar og leidningar på fjorden. Derfor går sjøkablane ut fjorden frå Gudvangen til Bakka, Dyrdal og Styvi. I Dyrdal hadde dei eige kraftverk frå 1923.

Her inne har også Styvisgarden søkt livd under det nifse flogfjellet. Styvi var ein gamal storgard, med to bruk og husmannsplassar. Så ser vi Dyrdal som har namnet sitt etter dyra, rein og hjort, som var veidemannen sitt bytte, mat og inntektskjelde. På det meste budde det 60 menneske i Dyrdal. Staden var som eit sentrum i gamal tid. Ådnehus heitte denne administrasjonsstaden. Her var tingstad og gjestgjeveri, men i 1805 blei denne funksjonane flytte til Gudvangen. Husa er store i Dyrdal. Det fortel om velstand og økonomisk overskot, men overskotstida på bygdene rann frå oss. Eigentleg var det naturen sjølv som stod opp og sa stopp. Den siste åkerlappen blei spadd opp, den ytste markteigen lauva, den siste fjellstølen, langt borte, blei lagd ned. Her var ikkje meir å henta. Så rakna saumen som på ein silkestrømpe. Hola blei større og større. Til slutt gav dei siste opp. Det siste tiåret fram til 2004, var Nærøy eit av dei bygdelaga i Sogn og Fjordane som tapte mest folk. I dag bur det rundt hundre menneske i kyrkjesokna. Men i dag må vi heilt til Bakka, der det bur 18 menneske, før vi finn nokon å snakka med om vinteren.

*Utsikt frå
Skjerpisnuten mot
Nærøyfjorden.*





Bakka

Bakka.

Bakkagrenda, med det gamle klyngjetunet nærmast intakt, ligg framfor oss. Her strekker Bakkanosi seg 1400 meter opp mot himmelen. Vindeggi er hundre meter lågare (1295 moh.). Litt lengre inne, om lag åtte kilometer frå Bakka, ligg Gudvangen.

Vi legg til kai og stig på land. Den gamle skulen, som no er tom for born, tavle, kritt og salmevers, ligg i strandkanten. Der breier også eit sjøhus seg med murvegger som minner om dei gamle vikinghusa, som var stein, stein og atter stein. Trælane, eller slavane, bar alltid stein.

Folketalet eksploderte i desse bygdene fram mot midt på 1800-talet. Alt som fanst av dyrkande mark blei tatt i bruk. Husmenn bar jord i trebøtter i vørkveldane. Kvinnene bad til Gud om eit blidare tilvære, men fekk aldri det i desse bygdene. Dei reiste bort, til Amerika så snart dei hadde billettengar. Så lenge her var tynt folkesett, kunne det tolast at folk måtte søkja kyrkja i Undredal på preikesøndagar, ved store høgtider, i barnedåp, konfirmasjon og bryllaup. Kanskje kunne det også tolast at likkistene måtte roast eller isførast heilt inn til Aurlandsvengen og setjast i vigd

jord der. Men då folketalet voks, blei kyrkjevegane for lange og tunge: Lika til Aurlandsvengen, dåpsbarna til Undredal. I 1835 var eit strålende brudefølge på veg ut fjorden til Undredalskyrkja. Ei snøskrede kom feiande, og ti menneske miste livet på fjorden. Den umenneskelege og ukristelege kyrkjevegen måtte endrast.

Alt i 1830-åra var det sterke ynskje om å få eiga kyrkje og gravplass i Nærøy sokn. Ei tid var det til og med på tale å flytta heile Undredalskyrkja til Nærøy. Men dette blei det ikkje noko av. Alt på slutten av 1840-åra var gravplassen tatt i bruk på Bakka. Kyrkjebygginga kunne ta til. I 1859 stod den kvitmåla kyrkja ferdig og fortalde til alle at lyset var kome inn i fjordane, det nye lyset som moderniserte Norge. Lys er kyrkja enno, både ute og inne. Denne kvitmåla kyrkja er kanskje den mest fotograferte i heile landet. Store cruiseferdøytøy sig varleg gjennom Bakkasundet dagleg om sommaren. Fotografi av kyrkja må finnast i private album over heile verda. Sjølve historia om kyrkja derimot høyrer Indre Sogn til.

Vi går inn i kyrkja januardagen og blir glade over å sjå noko så velstelt og vakkert. Altartavla er så spesiell at vi sjeldan har sett noko slikt. Motivet heiter «Jesus i Getsemane» og er måla av Nils Bergslien (1853–1928). Jesus ser ut som ein nordisk helt, med skarpe ansiktstrekk og langt, blondt hår. Han er rett og slett den einegga tvillingbroren til Fridtjof den Frøkne, under Nils Bergslien si suverne tolking med penselen sin. Bergslien var forresten den store julekorteiknaren vår. Han spesialiserte seg på julenissar, feite og runde, med kvitt hår og kvitt skjegg, eit nytt nasjonalt symbol. Julenissen var vossing og sogning. Nils Bergslien var ein nyskapar.

Ramma rundt altartavla er minst like spesiell, og er skoren av Magnus Dagestad (1865–1957). Dagestad var treskjeraren frå Voss som laga skule for andre framstående treskjerarar. Snart skein det dyreornamentariske motiv frå dei fleste hotellverandaer langs fjordane våre. Og i Nærøy tok treskjerarane steget inn att i kyrkja tidleg på 1900-talet, som dei hadde gjort i den katolske høgmellomalderen. På Urneskyrkja, som også er Verdsarv, har kniven snodd seg gjennom treverket i former som enno tar pusten frå oss.



Altar og altartavle i Bakka kyrkje.



Gudvangen

Nokre cruiseskip tek turen heilt inn til Gudvangen etter å ha passert den smalaste passasjen ved Bakka.

Gudvangen var møtestaden mellom fjord og landeveg på den gamle Postvegen Bergen–Filefjell–Oslo. Frå Gudvangen, som ligg trygt på grandane framme ved elveosen, og med ein eldgamal mur framfor husa som vern mot vindkasta frå snøskreda, har det til alle tider gått hovudveg til Voss. Vegen går ti kilometer gjennom den tronge, ville Nærøydalen til Stalheimskleivi. Her buktar Nærøyelva seg fram. Elva får vatnet sitt frå Brandsetelva og Brekkedalselva og tar opp frå nord Jordalselva. Nærøyelva er ei fin lakse- og sjøareelv.

Historia samlar seg i Gudvangen før vikingtida. Her stod det kanskje marknadsboder som no blir gjenskapte. Her har hovdingen si kvinne gått på lette kvinnesko, høgt på tå, med terner nokre skritt bak. Dei såg at grus og stein låg kvite i fjellsidene. Med kam i håret kjende dei på eit liv som hadde honningen sin ville smak i seg. Langt ute bølga havet, og andre land og rike. Men nærmare, ved Holmo mellom Styvi og Bakkasundet, låg den store gravrøysa der døde lekamar var gravne ned. Steinrøysa markerte avstand til andre slekter. Dei kjende suset i trea og trudde på åndene i trea.

Dei første menneska, Ask og Embla, var av tre og hadde sjel. Hit til Gudvangen søkte fiskarar med fisken sin, hit kom

sauegjetararar frå fjella, med skinn og kjøt. Stundom kunne kanskje ein einøygd falkefangar rusla gjennom marknads-plassen med buret sitt. Han skapte angst. Hit kom det kvernsteinhoggarar frå Åfjorden. Med støv i håret bar dei livets steinar på land frå åttringen. Så var marknaden over. Skipa og båtane blei sjøsette den stunda då vinden stod ned dalen og ut fjorden. Inne i fjellet høyrde dei at det song og spela, så unders vakkert. Dei underjordiske heldt høgtid i kalde berget. Og alt dette er gjenskapt og kan opplevast på ny, på den årlege vikingmarknaden, og i ei kald grotte inne i sjølve berget.

Her i Gudvangen, oppe på ein hjell i fjellsida, ligg garden Solbjørgane. Han er aude no. Det blei for strevsamt å bu der. Her ser vi at diktaren og historikaren frå Sogn, Olav Hoprekstad, hadde heilt rett då han skreiv: «Hardare livekår, tyngre og dårlegare arbeidsmark og ferdavegar enn i Nærøydalen hev ikkje bønder nokon annan stad i Sogn». Ein av gardane heiter Hemri. Der har ein stor bergnut rasa ut frå Varanosi, som fjellet heiter, og denne bergnuten ligg no sundslått nede i dalen. Det er Hemris-uri, visstnok den største steinur som finst i nokon dal her i landet.

Historia til Gudvangen byrjar før vikingtida.



Klima

Slik vi møter Vestlandet i dag, blir vi slått av dei store kontrastane, frå det milde og smilande til det skremmande og barske. Vestlandet er vikar og vågar, buktande seg fram langs ei grøn strandlinje der folk bur. Men samtidig rasar det i farlege fjell vinterstid. Høgfjellsveggar blir stengde i døgervis. Snøstorm frå vest er så sterk at du knapt får pusta. Naturen og dei kreftene som finst her, kan vera vonde for menneskeslekta.

Fjordane fangar dei milde havstraumane frå Golfen som formar klimaet og gjer det muleg å bu så langt mot nord. Sjølv midt på vinteren må det langvarige kuldebolkar til før fjordane frys til. Over hovuda på vestlendingane går det føre seg ein konstant kamp mellom turr, iskald luft frå ishavet i nord og fuktig, nærmast tropisk luft frå sør.

Det er store skilnader i klima eller verlag, innafor Vestlandet. Dei inste bygdene, som Nærøyfjorden er ein del av, har lite nedbør. Ekte innlandsklima blir det ikkje, til det er fjorden, med dei mjuke og kjæle kvinnearmene sine, ein altfor god regulator. Dette ser vi på tregrensa som inne i fjordane kan nå opp i 1000 meter. Ho fell ned 200–300 meter straks kontakten med fjorden glir bort.

Også når det gjeld nedbør, finn vi store skilnader mellom ytre og indre område. Regntung luft frå havet gjev frå seg vatn når ho møter kald luft frå nord eller stangar mot bratte fjellsider, stig til vers og blir avkjøla. Dette gjev mykje nedbør ute ved kysten og lite inne i landet. Frå kysten og eit stykke innover kan gjennomsnittsnedbøren svinga frå 1600 til 2000 mm om året. Midt i Sogn kjem det om lag 1000 mm. Lærdal er heilt nede i 450 mm, i Aurland 500.



Om vinteren kan det vere store snømengder i fjellet. Grindafleten turisthytte. Ferja ved Beitelen (t.v.).



Kapittel 2

Naturen og menneska

Naturen kan vera ein gavmild ven, men også ein farleg fiende som ein må ta omsyn til året rundt. Vi ser dette tydeleg. Ikkje ein bygning er spikra og tømra, ikkje ein åker er spadd opp eller ein mur er lødd, utan at folk har nytta kunnskapane sine om naturen. Tun og heimar glir inn i landskapet der snøfennene om vinteren rasar rett forbi, med stille brak og drepende lufttrykk. Snøfonna som samlar seg i skar og gjel, er ein granne folk fryktar. Fonna kan losna med



Soltørka gras, tørrhøy, var bondens gull. Her blir høyet køyrt inn i läven med fjordhest.



Einer (eller brake, lat. Juniperus communis).

dei milde fönvindar frå sør, som livnar lundane og lauvast liene. Kunnskapen om kvar fennene går, har gått i arv frå slektsledd til slektsledd så lenge det har budd folk her. Endå desse kunnskapane fanst, har desse fennene tatt liv, mange liv. Den farlegaste snøskreda er kan henda Hestnesa.

I skogen oppetter liene står dei kvite leggene til bjørka som står brur i skogen med museøyro sine i mai. Så older og rogn, med rognebær fulle av pektin og bittersøt smak. Eit og anna furutre syng og susar. Eika vaktar over historia. Ho blir gamal som alle haugar. Og så asken, det magiske treet med livgjevande lauv. Skogsfuglane kurrar, orrhane og orrhøne. Fjellrypa hoppar hit og dit mellom krokete dvergbjørker og får krefter frå svellande knoppar. Lengst oppe på ei berghylle sit ørna, ruvande som ein skugge frå alle urtider over land og lende. Slik er skogen, og slik er fjellsidene langs fjorden, Nærøyfjorden.

Livet langs fjorden

For dei som skulle leva her langs fjorden, blei alle val og livsvegar avgjorde av at lite land kunne dyrkast. Den smale stripa med jord langs sjøen gav åleine lite mat og utkomme. Folk må sjå til fjorden, til liene og fjellet for å auka utkommet. I store delar av Norge blei næringsdrifta prega av at det meste av jordarealet berre høvde for det vi kan kalla for ekstensiv hausting. I ekstrem grad ser vi dette langs Nærøyfjorden. Førplanter måtte sankast i hus på sommaren, til vinters bruk. Desse blei sankta både over og under skoggrensa. Buskapen heldt seg i beiteområda store delar av sommarhalvåret, først i heimemarka, så i høgfjellet. Menneska var med dyra, såg etter dei og framstilte smør, ost og surmjølk.

Her finn vi altså bjørkehagar, slåtteeenger, beitemark og område for produksjon av lauv og fôr. Styvingstrea, som no er verneobjekt på Vestlandet, står att som minne om denne spesielle forproduksjonen som sette så store krav til tilgang på arbeidskraft og arbeidstid at den blei heilt borte etter kvart som det norske jordbruket blei modernisert,



Sauer frå Dyrdal blir sende til slakteriet, med traktor og båt som framkomstmiddel.



Gammalt fangstanlegg på Skammadalshøgdi ved stien mellom Grindafleten og Undredal.



*Den kongelege post-
vegen ved Gudvangen.*

Den kongelege postvegen

Dei naturlege hindringane var mange for dei som ville reisa over lange avstandar i Norge. Djupe skogar og bratte fjell gjorde det tungt å ta seg fram over land mange stader. Nærøyfjorden er ein omveg, men den tidleg utvikla sjøvegen var mykje lettare enn landevegen.

Seinast i folkevandringstida (400–600 e.Kr.) hadde jernet gjort det muleg å byggja større, sjødyktige fartøy. På fjordane kunne ein ro og segla djupt inn i landet. Ferdsla var livlegast i sommarhalvåret, som i dag. Fjorden og sjøen opna dessutan landet mot verda utafrå. Norge blei vendt mot vest på grunn av dette. Den atlantiske orienteringa byrja langt inne i fjordane.

Då postvesenet kom i gang i Norge i 1640-åra, blei posten frå Bergen til Oslo frakta av bønder via Voss, ned Stalheimskleivi, gjennom Nærøydalen til Gudvangen og Bakka og derifrå med båt til Lærdal. I 1876 tok rutebåtane over posttransporten.

Frå Lærdal for dei til Borgund, over myrane på Filefjell og ned Valdres før landskapet opna seg over breie bygder. Dette var postrutevegen heilt fram til 1908. I sommarhalvåret gjekk posten mellom Oslo og Bergen med båt rundt kysten kvar dag, i alle fall frå 1840-åra. Det var nemleg behovet

*Den gamle kongevegen
ved bygda Styvi.*





Kapittel 3

Mytologi og kultur

Snorre Sturlasson (1178–1241) var den store hovdingen, skalden og historikaren på Island i høg mellomalderen. Snorres Edda og eddadikta er den viktigaste kjelda til kunnskap om den norrøne mytologien. Dei nordiske gudane var delte i to grupper: Vaner og æser. Til den første gruppa høyrde Njord, Frøy og Frøya. Det er deira namn vi møter i dette området. Denne smale fjorden, det villaste og voldsommaste som vi eig, har namnet sitt etter Njord.

Når vi knyter band mellom naturen og den norrøne gudelæra, har det samanheng med at folk kjende seg bundne til naturen. Dei trudde fast på at naturen bestod av krefter som måtte godgjerast og tilfredsstillast. Særleg viktige var vekst- og avlskreftene i åkeren, hos dyr og hos menneske. Religion spela ei viktig rolle i det såkalla heidne samfunnet, altså tida før år 1000 e. Kr. i Norge. Frykt for skam og ønsket om ære var dei viktigaste religiøse drivkreftene. Menneska var opptekne av å sikra seg eit godt ettermæle. Å vera stolt var eit høgt ettertrakta gode. Brot på moralske lover måtte alltid rettast opp i forhold til andre menneske. Den førkristne kulten baserte seg på tanken om at sjølv om menneska var biologisk døde, var dei ikkje sosialt døde. Dei levande og dei døde høyrde til i same fellesskapen, og gjennom bestemte ritual var det råd å samtala med dei døde. Dei som hadde denne kommunikasjonsevna, spåkvinna og gjerne hovdingen, fekk svært mykje makt.

Overgangen frå heidendom til kristendom er ei hovudhending i norsk historie. Erkebiskop Adam av Bremen gav i 1075 att ei augevitneskildring frå det store hovet i Uppsala. Hovet var pryda av gull, og der dyrka folket gudebiletet av Odin, Tor og Frøy. Odin var den store Allfader og krigsguden. Han og Frøya valde ut kva for menn som skulle falla på slagmarka, og så delte dei falne menn seg i mellom. Tor rådde for vêr og vind, lyn og torden. Frøy og syster hans, Frøya, gav helse, rikdom og fruktbarheit. I Frøys namn kunne kvinne og mann liggja saman på ein åker før dei sådde kornet, Gudslånet, om våren. Det gav grøde. Kornet var Gudslånet for menneska. Frøy gav dei dødelege fred og vellyst i eit intimt samliv mellom kvinne og mann. Gudebiletet av Frøy var utstyrt med ein enorm avlslem. Ved bryllaup blei det ofra til Frøy. Den norrøne gudelæra hadde eit positivt syn på

kropp og seksualitet. Seksuell praksis og kvinners biologiske funksjonar som menstruasjon, graviditet og barsel, var derfor ikkje til hinder for kvinnelege leiarfunksjonar i kulten.

Nærøyfjorden – Njords fjord

Njord namnsette altså Nærøyfjorden. Njardarfjord har gjennom lydovergangar blitt til Nærøyfjorden. Njord bur på himmelen der det heiter Noatun. Han rår over vær og vind og styrer havet og elden. Han skal påkallast når det gjeld sjøferder og fangst. Dessutan har han rikeleg av gods og lausøyre og kan knytast til handel og marknader. Fjorden var vegen mellom vest og aust, også i førhistorisk tid. Nærøyfjorden var innlandsfolket, frå Voss og der ikring, sitt møte med den farefulle sjøen. Denne sjøen kunne dei ikkje bruka som ferdselsveg utan at dei stod på god fot med sjøguden, med Njord. Det var han dei kalla på når dei møtte det salte og bølgerande vatnet. Det var også denne fjorden som opna verda deira, ut storfjorden og over havet. Vossingane namnesette Nærøyfjorden etter denne sjøguden. Det gav gudevern.

Gudvangen – Guds vang

Arkeologen Anne Stine Ingstad nemner spesielt Gudvangen som døme på at Njord kunne vera marknadsvernar. Ingstad kjenner vi forresten best som sentral fagperson i bevisføringa for at Nord-Amerika eigentleg blei oppdaga av norske vikingar for tusen år sidan. Gudvangen, guden Njords vang, kan ha vore den første kaupangen i det indresognske landskapet og ein tidleg kaupang på Vestlandet. Mindre kultstader fekk gjerne namn som Horg, Lund eller Vang. Guden Njord kunne dei ofra til når kystfolket og innlandsfolket møttest inst i denne fjordbotnen for å byta varer.

Ramsøy ligg nærast Gudvangen på vestsida av Nærøyfjorden.



Dagane i vårt internasjonale språk

Mykje av kristningspolitikken i Norge for tusen år sidan gjekk ut på å gje dei heidne og norrøne festane eit nytt innhald og nye namn. Men på nokre område var dei norrøne orda så innøvde og tradisjonssterke at det var uråd å få endra dei. Dette gjaldt til dømes for namn på dagane i veka.

Den gamle gudelæra vår hørde heime i ein felles-europeisk kulturkrins. Mange av namn på vekedagar har same opphav på engelsk og tysk.

Veka byrjar med søndagen. Her er det sola, den store livgjevaren, som har sett namnet. Måndagen er månen sin dag, den blanke lyskula som påverka vatn og alt som voks. Å slakta noko i minkande måne var ei dødssynd. Tysdagen har namnet sitt er krigsguden Ty, son av Frigg. Ty hadde berre ei hand, men blei likevel rekna for å vera den djervaste av alle menn. Onsdagen stod i teiknet til Odin, Den Store Allfader. Han stod over alle, gudar og menneske. Torsdagen er dagen til Tor, toreguden som blei rangert etter far sin, Odin, men framom alle andre. Torsdagskvelden ved fullmåne var tid for trolldomskunstner. Den einaste kvinna som har fått namnet sitt knytt til ein vekedag, er Frigg. Ho sette namn på fredagen. Frigg var den fremste av alle kvinner. Ho var gift med Odin og var mor til Balder. Så blei dagane i veka avslutta med laurdagen, laugardagen, badedagen.



Sognebunaden



Rekonstruert kvinne-drakt frå tidleg 1800-talet. Dåpsbarnet er kledd i dåpskjole frå byrjinga av 1900-talet med rekonstruert dåpslue frå 1800-talet.

Dei norske bunadene slik vi møter dei i dag, er baserte på eit storstilt nasjonalt rekonstruksjonarbeid. Det var gjennom den nasjonale iveren etter 1905 at folkedraktene kom fram igjen i lyset. Då var det om lag slutt med å bruka desse draktene i Indre Sogn. Rekonstruksjonarbeidet bygde på kleda som blei brukte til høgtid og fest på slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet. Midt på 1980-talet blei sognebunaden teken opp på nytt. Mannsdrakta frå Sogn blei fagleg rekonstruert, medan ein kvinnebunad frå tidleg 1800-tal blei rekonstruert og teken i bruk i tillegg til den vanlege kvinnebunaden.

Kvinnedrakta i Sogn har ein stakk av svart ullstoff. Han kan vera foldelagd, eller tett rykka med eit fast rynkeparti øvst. Stakken kan ha forskjellige kantar nedst, men det vanlege no er ein brei, blå, raud eller grøn kant med takka overkant. Denne minner om bølgene på Sognefjorden. Lengda på stakken har følgt moten med åra. Forkleet kan vere av ull eller bomull og har ofte svart botn med striper og tverrstriper. Livet, eller «aolive», er i mønstra brokade, kanta med svarte fløyelsband. Det er ope framme og blir halde saman med maljesnøring. Ulike typar skjorter og trøyer er brukte. I dag ser vi anten ei kvit linskjorte eller ei grøn silkeskjorte. Den grøne fargen syner at kvinna er gift. Bunadssølvet består av ei halsnål, gjerne med heng, og ei stor bringesølje. Svarte strømper og bunadssko høyrer til.

Kvinnebunadene fortel om moralske forhold i samfunnet og rangordningar mellom kvinner. Dei skulle syna skilnaden mellom ung og gamal, mellom gift og ugift. Ugifte kvinner og jenter fletta i gamal tid eit grindevove band inn i håret, lagt i ein vakker krans rundt hovudet. Gifte kvinner skal etter skikk og bruk bruka konehuvet i eit tunt og kvitt bomullstoff. Gifte kvinner skal dessutan bruka eit belte som består av sølvstoplar og sølvspenne. Jentebeltet skal vera i svart fløyel med sølvspenne. Desse rangordnande uttrykka finn vi ikkje på same måten i mannsbunaden.

Mannsbumaden i Sogn blei rekonstruert i 1986. Bunaden har ei trøye av vadsmål. Ho kan anten vera kvit eller raud med høg ståkrag. Den kvite trøya har mørkeblå kantar



medan den raude har grøne. Knebuksa er av svart vadsmål eller klede. Bukseselane er vovne i kvitt, raudt eller grønt ullgarn. Vesten er også av vadsmål. Skjorta er av kvit lin med ulike kvitsaumsbroderi. Sokkane er kvite og handstrikka i ulike mønster. Halsduk av silke høyrer til. Hovudplagget er ei raud «kodlahue» eller «pikhue» av ullstoff med svarte fløyelsband. Bukseknappane er i støypt messing eller sølv.

Brudepar i sognebunad.



Hege Strømme og Dee Cunningham som driv Stigen gard, dekker frukostbord i friluft for gjester.

Folkemål og dialektar

Sognamålet høyrer til den greina som målgranskarar kallar for vestnorsk. Innafor det vestnorske er det fleire avgrensa målområde. Eit slikt er Indre Sogn som heng saman med Voss og Hardanger og høyrer til blant den mest særmerkte gruppa av vestnorske mål. Bygdene ligg langt frå kystleia og stør ryggen sin mot fjellet. Dei har ned gjennom tidene vore administrativt og kyrkjeleg skilde frå dei ytre bygdene. På den andre sida har det alltid vore mykje samkvem mellom Indre Sogn og Voss. Alt dette har dratt same vegen: Skilt desse bygdene frå området lenger vest, og bunde dei saman innbyrdes.

Det mest klassiske ved sognedialekten er at å blir uttala som ao, slik som på Island og i Skåne i Sør-Sverige. Sogningen seier laog, pao, baot, kistao, jentao og så bortetter. I Indre Sogn endar alle verb i infinitiv på -a: å kasta, å hoppa, å springa. Den bundne forma av sterke hokjønnsord endar på -i: døri, myri, soli. Det same er tilfelle med fleirtalsord av inkjekjønn: epli, husi.

Lokale smaksopplevingar

Det er alltid slik at regionale matspesialitetar tar utgangspunkt i det lokale ressursgrunnlaget. I bygdene rundt Sognefjorden har ein i alle tider vore sjølvforsynt med mat, både frå fjord og fjell.



Den kraftfulle geitosten

Her blir produsert to typar geitost: kvit og brun. Begge desse er tradisjonsmat i Indre Sogn. Den brune er kanskje noko av det mest norske som finst. Hovudprinsippa for ysting er tilnærma lik i dei fleste område, men det har utvikla seg lokale særpreg.


Bygda Undredal har ein sterk og ubroten tradisjon for å laga slik ost. Mjølka kjem frå geiter som er godt tilpassa klimaet og fjordlandskapet der dei kliv i dei bratte fjellsidene og et gras store deler av året. Undredal var utan veg fram til 1988. Før måtte ein med båt for å koma til og frå bygda, eller gå til fots over fjellet. Denne isolasjonen har gjort sitt til at folk i Undredal har halde fram med geitehald og ysting. Det lokale særpreget har gjort osten svært ettertrakta, og den har eit godt renommé i marknaden. Etterspurnaden er større enn produksjonen, særleg av den brune Undredalsosten.

Den kvite geitosten er laga av upasteurisert mjølk. Den blir laga av ostestoffet i mjølka, og er derfor den eigentlege geitosten. Osten skal mognast i eit spesielt mogningsmiljø før den er klar for forbrukaren. Tidlegare var det ikkje vanleg å salta kvitosten. I staden blei skorpa danna ved at osten blei dyppa i kokande myse. Praksisen med usalta kvitost hadde samanheng med at osten tradisjonelt blei nytta saman med saltmat som flesk, sild og lapskaus. I dag blir det produsert både usalta og salta kvitost. Kvar ost veg kring 2,5 kg og blir

Brimostar frå Underdal.



Undredal ved Aurlandsfjorden.



mogna i frå to månader til eitt år. Kvitosten blei tradisjonelt brukt som matauk til alle måltid.

Den brune geitosten blir laga av myse kokt over lang tid etter lokale tradisjonar. I Sogn blir den kalla brimost. Den blir laga av mysa som blir att etter ysting av kvitost. Det går med 11 liter geitemjolk for å få ferdigstilt ein kg geitost. Den ferske mysa blir pumpa over i store koparkjeler der den kokar

over open eld i 8–10 timar. Cirka ti prosent heil geitemjolk og to prosent kulføyte blir sett til for at ikkje osten skal verta for mager og tørr. Maillardreaksjonen mellom mjølkesukkeret og proteina i myseblendinga gjer at osten blir brun, og smakar karamell. Den innkoka brimosten – som inneheld mest albumin (eit protein), mjølkefeitt og mjølkesukker – får kjølna under røring til han er passe stiv. Då blir han knadd og pressa inn i firkanta former. Ein dag seinare er osten stiv nok til å kunne takast ut av formene, og er klar til å etast. Osten er eit svært stabilt produkt med høg kvalitet. Produsentane har utvikla ei spesiell innpakking som inneheld produktinformasjon og eignar seg til å bli transportert over lengre distansar med stor temperaturforskjell, for eksempel når utanlandske turistar har lang reiseveg heim.

I 1991 fekk ostemakarane i Undredal noko å bryna seg på då næringsmiddeltilsynet kravde at dei måtte pasteurisera mjølka. Ei av produsentane i bygda, franskfødde Pascale Baudonnel, drog til Surgères i Frankrike og skaffa seg utdanning som ysteteknolog. Ho tok opp kampen med styresmakterne og kravde at alle gardsysteri som ville det, måtte få ysta av rå mjolk, slik dei gjer til dømes i Frankrike. Pascale og mannen hennar driv no Undredal Stølsysteri saman med to andre familiar.

Geitosten frå Undredal er eit lokalt produkt, men også internasjonal gjennom samanslutninga Smakens Ark, som blei starta av Slow Food i 1996, ein verdsomspennande organisasjon med sete i Italia. Slow Food arbeider for ivaretaking av biologisk mangfald gjennom å fokusera på landbruksprodukt med tilknytning til lokal natur og kultur. Eit av Slow food sine mange tiltak er «Smakens ark», der dei mest verdfulle produkta eller artane blir verna mot biologisk eller kulturell forflating som fylgje av mellom anna globalisering. Eit verkemiddel er å oppretta såkalla «presidier» for produkt ein ynskjer å ta særskilt vare på. Sommaren 2005 vedtok Slow Food å oppretta det første norske presidiet. Denne æra blei tildelt Undredalsosten som representant for «Brimost frå Sogn».



Gamalost.



Røykt laks

Lærdalselva blir kalla dronninga blant dei norske elvane. Her kom engelske lordar for å fiska laks som dei røykte og tok med seg heim.


For over hundre år sidan kom engelske lordar til Lærdalselva for å fiska laks. På folkemunne heiter at det at elva var så full av fisk at når ein skulle ha laks til middag, gjekk ein berre ned i elva og henta det ein trong. Lordane brukte lokale røykjarar frå Lærdal for å konservera laksen slik at den skulle være velsmakande etter den lange turen heim til Britannia. På same måten som lordane fekk tilberedt sin røykelaks på 1800-talet, får du den på butikken i dag – heilt fri for kunstige tilsetjingsstoff.

Kjell Grøtte starta firmaet «Sognefjord Gourmet», tidlegare Lærdalsmat, som mellom anna røyker laks. Lærdalselva, dronninga blant Noregs lakseelvar, ber på rike tradisjonar frå gamal tid. Ikkje berre når det gjeld flugebinding, men også når det gjeld mat. Oppskriftene på den spesielle røykelaksen har dei funne frå miljøa rundt elva, og å produsera røykt laks på denne måten er blitt eit nisjeprodukt. Næringa elles er industrialisert, og det er svært få tradisjonelle røykeri igjen. Laksen leverer dei i dag til daglegvare, restaurantar og hotell i Norge, men Sognefjord Gourmet, som held til i Årdal, satsar også på eksport til eksklusive marknader i utlandet.

For å sikra optimal kvalitet, lyt dei ta i bruk ny teknologi. Av og til blir også ny kunnskap henta utanfrå. Dette gjeld urte-røykt laks som er utvikla i samband med ei satsing i Asia. Der vil ein helst ha mindre saltsmak enn det ein er van med i Noreg. Den urterøykte laksen gjev ein meir avstemt og balansert smak mellom fisk, røyk, salt og krydder.

Kvaliteten er også prinsippet når dei produserer andre varer, til dømes gravlaks. Oppskriftene er henta frå Lærdalsdalen der ein har gode tradisjonar for graving. Graving av laks har truleg røter heilt attende til vikingtida.

Laks til røyking med einerbær under.





Fakta

| | |
|---|--|
| Verna som verdsarv av Unesco: | 2005 |
| Verna område: | 709 km ² |
| Administrerande kommunar: | Aurland, Lærdal og Vik, i Sogn og Fjordane fylke, Voss i Hordaland fylke |
| Stoppestadar (kaiar): | Dyrdal, Styvi, Tufto, Bakka, Bleiklindneset, Gudvangen. |
| Fastbuande (2006): | Gudvangen m Nærøydal ca. 70, Bakka 13, Tufto 5, Dyrdal 0, Styvi 2 |
| Tal turistar (2005): | Totalt 313.350, sommar ca. 300.000, vinter ca. 13.500 |
| Tal overnattingar (Aurland og Lærdal 2005): | ca. 230.000 |
| Tal cruiseskipanløp (Gudvangen 2005): | 59 |
| Tal ferjeruter: | 1 sommar |
| Tal båtruter: | 3 sommar, 1 vinter |

Geografi

| | |
|---|---------------------------------|
| Lengde: | 17 km |
| Smalaste punkt: | Bakkasundet, 250 m |
| Djupaste punkt: | 376 m ved Beitelena |
| Grunnaste punkt: | 10 m ved Bakkasundet |
| Største skilnad mellom flo og fjøre: | 1,40 m |
| Høgste fjell Nærøyfjorden: | Bakkanosi, 1389 moh. |
| Største høgdeforskjell mellom fjordbotn og fjelltopp: | Ca. 2000 m |
| Største breen: | Fresvikbreen 15 km ² |
| Tal fossar: | 25 |
| Største fritt fossefall: | Kjelfossen 200 m |

Klima Aurlandsvengen

| | |
|---|-----------------------------|
| Gjennomsnitt lufttemperatur: | januar – 4 °C, juli 14,8 °C |
| Gjennomsnitt nedbørmengde per år: | 685 mm |
| Månad med høgaste nedbørmengd: | oktober |
| Månad med lågaste nedbørmengd: (målt i perioden 1961–90) | april |

Temperaturen i Nærøyfjorden varierer frå 0 til 20 °C. Når snøen smeltar om våren, blir vatnet i fjorden mindre salt. Dette overflatevatnet blir varmt om sommaren, ofte kring 20–22 °C, og det er kaldare og saltare vatn lengre nede. Om vinteren blir det omvendt, meir salt i overflatevatnet pga. mindre smeltevatn. Dermed blir det øvste laget svært kaldt og det blir varmare dess djupare ein kjem. Kvar vinter legg det seg is på fjorden, frå Gudvangen og ofte heilt ut til Styvisundet.